

Bra salg av Hjønnnevåg-boka.

17.12.2016



Det er ei fin bok Harald og Alf Hjønnnevåg byr for salg.

I dag sit dei to Hjønnnevåg-veteranane på Spar Uskedalen og sel og signerer boka som nyleg kom ut om familie-bedrifta. Det var ein jamn og god straum av uskedelingar som ville sikra seg boka om bedriftshistoria til Brødrene Hjønnnevåg AS, som også er ein viktig del av Uskedalen si bygdehistorie.

Dei to bokseljarane på Spar Uskedalen, Alf og Harald Hjønnnevåg, har lang fartstid i familiebedrifta. Dei overtok bedrifta i 1962 og sat med leiinga fram til 2003 då dotter til Harald, Marit Hjønnnevåg, overtok leiaransvaret. Både før og etter denne perioden har begge vore mykje aktive i bedrifta.

Historien til dette viktige Uskedalsfirmaet er no altså utgjeve i bokform. Det kan de lese om [her](#).

Harald og Alf vil sitja på Spar Uskedalen og selja og signera boka fram til kl.14 i dag. I går sat dagleg leiar Marit Hjønnnevåg og forfattaren av boka, Sjur Tjelmeland, på Rema 1000 på Husnes og selde og signerte boka. Elles er boka i salg hos bokhandlarane i Kvinnherad og i ein skilde daglegvareforretningar. Her i Uskedalen er den å få kjøpt hos Spar Uskedalen. Skulle nokon av dei som kjem heim i jula ønske signert bok, er det berre å ta kontakt med utgjevarane.



Gerd Myklebust og Arne Terje Haugland var to av dei som sikra seg boka.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.